KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016-2020 HJELMELAND KOMMUNE VEDTEKEN I KOMMUNESTYRET 20.9.2016

Kvitveis er Hjelmeland sin kommuneblom

Endeleg versjon (ksak 59/16) – 20.9.2016

0 INNLEIING

Hjelmeland kommune har fornya planstrategien som vart vedteken i mai 2012. I samband med dette vart det laga ei drøftingssak til formannskapet 19.4 (sak 42/16), og det er gjennomført eit temamøte med eit utvida kommunestyre 25.5.16. I tillegg vart det i april gjennomført eit seminar med formannskapet der professor og ordførar i Volda, Jørgen Amdam, var forelesar. Signal frå desse samlingane er i nokon grad prøvd innbakt i strategidokumentet.

Sjølvs forslaget til planstrategi – altså kva planarbeid som skal ha prioritet i perioden – går fram av kap 5. Forslaget har vore ute på høyring sommaren 2016. 20.9.2016 vart det i sak 59/16 gjort endeleg vedtak i kommunestyret. Det går fram av planstrategien at dette er å sjå på som eit varsel om oppstart av kommuneplanarbeidet, både samfunnsdel og arealdel. Det neste trekket vil vera at det vert utarbeidd eit PLANPROGRAM – som er ein nærare «plan for planen». Dette skal i sin tur behandlast politisk og sendast ut på høyring før det kan endeleg vedtas og gi føring for det endeleg planutkastet som skal utarbeidast, sendast ut på høyring og endeleg vedtakast. Politisk er det gitt signal om at ein ynskjer nytt, endeleg kommuneplanvedtak helst i god til før valperioden går ut hausten 2019.

Dette er framtida. *Småskuletrinna Hjelmeland skule 15/16*

1 LOVGRUNNLAG:

Plan og bygningsloven har i prg 10-1 desse krav til innhald i kommunal planstrategi:

A Drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til

- Langsiktig arealbruk
- Miljøutfordringar
- Sektorane si verksemd

Her må me også sjå på statlege forventningar og regionale forventningar

B Vurdering av planbehov i valperioden og ta stilling til om gjeldande kommuneplan, eller delar av den, skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar

C Ta stilling til om vedtak av planstrategien også skal vera den reelle oppstarten på kommuneplanrevisjonen

---

Sektorane si verksemd- frå biblioteket

Langsiktig arealbruk- Pundsnes

Miljøutfordring - springflo i Jøsenfjorden

2 STATUS I DAG

Gjeldande kommuneplan (samfunnsdel og arealdel) er frå 2011, og kommunal planstrategi vart vedteken i mai 2012. Det er i perioden ikkje utarbeidd nye kommunedelplanar, med unntak av kommunedelplan for Årdalstunnelen.

Det er laga ein statusgjennomgang for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. *Desse ligg med som vedlegg saman med folkehelsekartlegginga frå 2015*. Det er i tillegg utarbeidd eit dokument for løpande oversiktsarbeid for folkehelse 2016-2019.

Bru til Helgøy er planlagt og vedteke



To ferjer på fjorden – nytt frå årsskiftet 15/16

3 DRØFTING AV KOMMUNEN SINE STRATEGISKE VAL

3.1 Langsiktig arealbruk:

Gjeldande kommuneplan gir tilfredstillande rom for utvikling innafor eit styrt mønster. Det er lagt opp til å ta vare på landbruksjorda og samstundes gi rom for bygging av hus og hytter. Kommunen har dei siste fire åra opplevd ei svak nedgong i folketalet, og det vil vera viktig å leggja til rette for ei meir positiv befolkningsutvikling framover. I forhold til langsiktig arealbruk kan det vera ønskjeleg å sjå nærare på korleis ein kan leggja ennå betre til rette for næringslivet på land og sjø, og korleis ein kan vitalisera kommunesenteret. Her er det allereie teke initiativ til å få i gong prosesser i regi av Byregionprogrammet som kommunen er ein del av saman med Strand og Forsand.

3.2 Miljøutfordringar

Miljøutfordringar vert ofte delt i sosiale, biologiske og økonomiske faktorar. Omgrepet folkehelse dekker mange av dei same faktorane.

Når det gjeld dei økonomiske faktorane, har dei vore store sidan kommuneplanen vart revidert sist. Kvardagen har vore prega av nedskjæringar, og omdøme deretter. Økonomiske faktorar var i for liten grad med som beslutningsvilkår i sist kommuneplan. Dette må på ein betre måte innarbeidast i framtidige planverkty.

Når det gjeld biologiske faktorar, er dei viktige for Hjelmeland. Kommunen sitt næringsliv er dominert av fire store «primærnæringar»: Havbruk, landbruk, byggeråstoff og vasskraft. Å ha ei berekraftig utnytting av desse ressursane er heilt nødvendig for ikkje å øydeleggja produksjonsgrunnlaget. Utvikling av reiseliv og meir helsebasert næringsliv, krev også at me tek vare på miljøet.

Når det gjeld dei sosiale faktorane, har kommunen fått nye muligheiter og utfordringar gjennom auka innvandring. Arbeidsinnvandring frå Europa utgjer den definitivt største biten, men også nye familiebånd og mottak av flyktningar frå afrikanske og asiatiske land har gjort at nesten kvar femte hjelmelandsbu i dag kan definerast som innvandrar eller norskfødt med innvandrarbakgrunn. Det vil vera viktig å leggja til rette for at innflyttarar av alle slag fortsatt skal kunne finna seg til rette i Hjelmeland. Å gjera det med inkludering til eit satsingsområde der ein tek i bruk heile kommunen si utviklingskraft, kan vera eit strategisk val. Å følgja opp det løpande oversiktsarbeidet på folkehelse er både eit lovkrav og ein viktig indikator på korleis samfunnet utviklar seg.

3.3 Sektorane si verksemd

Kommuneorganisasjonen har dei siste åra vore gjennom fleire store endringar i lys av nye kvalitetskrav og krav om innsparing. Samfunnet vert meir og meir digitalt, noko som også gjenspeglar seg hjå oss. Det er grunn til å tru at denne utviklinga vil halda fram. I kva grad ein kan nyttiggjera seg ei digitalisering, kjem også an på korleis infrastrukturen på dette feltet vert utbygd i kommunen. Smartløysingar td i eldresektoren gir mest att når avstandane er lange. Men det er i utkantane av kommunen der er minst dekning i høve til fiber og mobilnett.

Utfallet av den statlege kommunereforma er ikkje gitt enno. Hjelmeland sitt val er for tida å gå vidare som eigen kommune. Andre reformer kan også ha stor innverknad på kommunen; vil det i framtida

bli krav om heildagsskule med eigen kantine? Korleis vil den statlege flyktningpolitikken utvikla seg? Kva krav vil bli sett til utslepp frå transport? Krav til reinsing av utslepp?

I dag er sektorane i hovudsak delt inn i oppvekst, helse/omsorg, teknisk og administrasjon med kultur og stab. I kva grad skal desse planleggja kvar for seg? I kva grad ynskjer kommunen å vera ein aktiv utviklingsaktør? I små samfunn er kommunen si rolle som aktør og arbeidsgjevar ei viktig rolle, og gjennom denne kan ein bidra til konstruktive prosesser i lokalsamfunnet.

At forholda er små kan vera ei utfordring. Samstundes gir det også store muligheiter. Alle ungdomar og foreldre på ungdomsskuletrinnet kan nås gjennom ein felles ungdomsskule, noko som også bør vera ein muligheit for andre etatar enn skulen. Friviljugsentralen samarbeider med omsorgssenter om tilbod der. På kva måte kan biblioteket løftast vidare for å styrka rolla som møteplass for ulike befolkningsgrupper, ikkje minst innvandrargruppene? Barnehagen sin leikeplass er ein møteplass for fast busette, og for hyttefolk eller turistar. Det me gjer ein stad, verkar inn på det som skjer ein annan stad. Maks nytte innafor kvar sektor er ikkje det same som maks nytte for lokalsamfunnet og kommunen. Samstundes har kvar sektor kvalitetskrav som må respekterast.

Det enklaste er å halda fram som før. Økonomi og nye krav krev likevel å ta val viss ein vil rusta kommunen for framtida.

Våtare og villare klima – frå Hjelmelandsvågen

4 VURDERING AV PLANBEHOV

Omfanget av planlegging må tilpassast dei ressursar som til ei kvar tid vert stilt til rådvelde. Sidan kommunal planstrategi vart vedteken sist, i mai 2012, har det blitt gjort merkbare kutt i ressurs avsett til plan. Røynda har også vist at den førre strategien nok var for ambisiøs, og at den i tillegg i liten grad vart brukt som styringsverkty i strategiperioden. Den vart heller ikkje revidert undervegs. At nye og andre behov kan oppstå i «strategiperioden», må ein også forventa. Det er difor ennå meir viktig at ein prioriterer relativt sterkt kva planarbeid ein ynskjer å gjennomføra/utarbeida.

For å oppdatera kva eksterne krav der er til planoppgåver i kommunane, har ein fått denne tilbakemeldinga frå Fylkesmannen (mail frå miljøverndirektøren hjå fylkesmannen 2015):

Pålagde planoppgåver etter pbl for kommunane

1. *kommunane MÅ lage ein planstrategi der kommunestyret prioriterer det planarbeidet som er nødvendig for kommunen ut frå dei utfordringane kommunen står ovafor. Det skal kommunestyret gjere tidleg i perioden sin og i allefall innan eit år etter dei har tiltrådt. Planstrategien bør vurderast kvart år i lag med økonomiplan/handlingsplan .*

2. *kommunane skal ha ein gjeldande kommuneplan med samfunnsdel, arealdel og handlingsprogram. I planstrategien skal ein vurdere behovet for å revidere heile eller deler av kommuneplanen.*

3. *Alle andre krav om sektorvise kommunedelplanar er falt bort , bortsett frå Klima- og energiplan. Men dei statlege krava til slik plan kan stettast ved å bake Klima- og energiplanlegging inkl handlingsplan inn i kommuneplanen .*

4. *og så kjem det generelle plankravet i form av krav til detaljplanlegging i områder som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut som byggeområder. Men der kan altså kommunen sitje i ro og vente på private planforslag om dei i planstrategien har vurdert at det er det beste….*

5. *I nokre svært sjeldne tilfelle vil ein regionalplan kunne ha planføresegner som krev at fleire kommunar lagar ein felles arealplan for eit område. Det blir vel helst som eit rekkefølgjekrav og kan vel vanskeleg gå så langt at fylkeskommunen kan pålegge desse kommunane å gjere slikt arbeid til ei bestemt tid .Det er også slik at regionalplan kan ha planføresegner som kommunen må ta inn når dei reviderer kommuneplanen*

   Planar og plangrunnlag etter anna lovverk:

6. *Så finns det krav til sektorplanar som kan vera heimla i anna lovverk – eller er krav om for å statlege eller regionale tilskott. Det har eg ikkje full oversikt over , men det kan vera innanfor psykiatri, eldreomsorg, skule osv. Dette er krevjande planprosessar i kommunane og eg vil sterkt rå dykk til å trekke arbeidet med desse inn i planstrategien og å vurdere kvar einskild om dei bør få status og prosess som tematisk avgrensa kommunedelplan. OG ikkje minst - å trekke linjer mellom mål, strategiar og tiltak i alle sektorplanar inn i kommuneplanen sin samfunnsdel og handlingsprogram/økonomiplan.*

7. *Folkehelselova har eit særlig krav om at kommunen skal lage ein **Folkehelseoversikt** som skal liggje til grunn for prioriteringane i planstrategien. Tidlegare var det vanleg å utarbeide noko me kalla «felles plangrunnlag» i forkant av ein generealplan/kommuneplanrullering. Krava til*

innhald i folkehelseoversikten gjer den nyttig som eit viktig bidrag både som bakgrunn for planstrategi og val av prioriterte planoppgåver i perioden og som viktig kunnskapsgrunnlag når kommunen skal lage planprogram for kommuneplanrullering eller for større områdeplanar.

Så oppsummert så oppfattar eg lovpålagde krav til kommunale pbl planar slik:

A. ***Planstrategi** bygd på ein analyse av kommunen sine utfordringar(inkl ein **folkehelseoversikt) –***
(essens: politisk prioritering av kva planar som skal del- eller heilreviderast i perioden og kva nye planar skal utarbeidast)

B. *Kommunen skal ha ein **kommuneplan** med samfunnsdel, handlingsprogram og arealdel. Økonomiplanen kan med fordel utformast og fungera som handlingsdel. Kommunen bestemmer sjølv kva tid og kva deler av kommuneplanen som krev revisjon. Men regionale myndigheiter kan kome med innspel til planstrategiarbeidet om dette.*

***C. Klima- og energiplan** - innarbeidd i kommuneplan eller som eigen kommunedelplan*

4.1 Planstrategien 2012-2016

4.1.1 Kommuneplanen

Gjeldande kommuneplan (samfunnsdel og arealdel) vart vedteken rett før valet i 2011, og vart med få unntak stadfesta som gjeldande plan i planstrategien frå mai 2012. Det vart i planstrategien vedteke at kapitla om infrastruktur og kommunikasjon (kap 3.4) og folkehelse (kap 4.3) skulle reviderast i 2014. Kapitel om Klima og energi (kap 4.11) skulle reviderast i 2015). I tillegg skulle kommuneplanen supplerast med arkivplan (2013), plan for kommunalt vatn (2012), og plan for informasjons og kommunikasjonsstrategi (2012). Av dette er det gjennomført revisjon av kapitlet om folkehelse, arkivplanen vert revidert jamleg (administrativt), og hovudplan for vatn og avløp vart vedteken i vinter.'

Det er uttrykt ønskje politisk om revisjon av kommuneplanen i inneverande periode. Det er utarbeidd eigne statusdokument for både samfunnsdelen og arealdelen

Samfunnsdelen

Gjeldande samfunnsdel er bygd over det konseptet at det i minst mogleg grad skal vera trong for eigne kommunedelplanar. Dette har vore ressurssparande i høve til arbeidsomfang på plan. Konseptet har nok likevel ikkje vore tilstrekkeleg forankra administrativt og politisk, og dei ulike kapitla har nok ikkje blitt brukt som måldokument i stor nok grad. Korleis ein vil løysa dette i komande periode, er eit vesentleg val å ta. Administrativt er det noko usemje om kva som vil fungera best.

Samfunnsdelen har jamt over fungert godt og mellom anna gitt forankring av søknadar om eksterne midlar innafor BULYST og BYREGIONPROGRAMMET. Men: Det er likevel ein stor mangel at samfunnsdelen ikkje har med seg økonomiaspektet, og at delar av planen fortoner seg meir som ei ynskjeliste enn som ei prioriteringsliste. Dette gjer at behovet for ein ny/revidert samfunnsdel er til stades.

Det er sett i gong arbeid med ein kulturminneplan, i utgangspunktet ein revisjon av eit av kapitla i samfunnsdelen. Det er vedteke eit planprogram for det arbeidet (fsak 126/14). Intensjonen er at den

mest overordna biten av kulturminneplanen skal inngå i kommuneplanen (samfunn og areal) som før, og at resten blir ein temaplan der kravet til revisjon blir mindre.

Arealdelen

Gjeldande arealplan har også hovudtrekk fungert godt, og det er framleis mykje «rom», altså urealisert areal, innafor det som vart vedteke i 2011, sjå vedlagt «statusrapport» for arealdelen. Store delar av planen bør kunne vidareførast i hovudtrekk, og ein revisjon bør vera avgrensa i tema og geografi.

Når det endringar sidan sist, er det i vår vedteken ny kommunedelplan for Årdalstunnel. Denne er sendt kommunaldepartementet for endeleg avgjerd på grunn av motsegn frå Statens Vegvesen.

Samfunnsdel og arealdel saman:

Ein må velja om ein skal ta samfunnsdelen og arealdelen kvar for seg, eller om ein skal ta dette samstundes. Det vil vera ressurssparande å kunne ta dette nokolunde parallelt, i alle fall køyre felles i oppstarten. Så kan ein eventuelt la samfunnsdelen bli ferdigstilt før arealdelen. Skal ein nå å bli ferdig i inneverande periode, må ein vera relativt streng i høve til omfang av revisjon.

Når det gjeld eksterne krav til revisjon, så er det i dag berre plan for klima og klimatilpassing som er eit lovkrav, jfr. tilbakemeldinga frå Fylkesmannen. Det vil seia at kap 4.11 uansett må fornyast eller bli ein eigen plan.

Det er veldig ulike formkrav til dei to delane. Arealdelen er juridisk bindande og har mange formelle krav i høve til ROS-vurdering, konsekvensutgreiing mv. Samfunnsdelen har få krav.

4.2 Andre planar og utgreiingsbehov frå sist planstrategi

I planstrategien frå 2012 er det sagt noko om planarbeid på følgjande område i tillegg til sjølve kommuneplanen:

- Beredskapsplanverk. Dette er for tida under revisjon, og ein reknar med revidert plan vil bli vedteken tidleg haust.
- Boligpolitisk og boligsosial plan: Ein rein bustadsosial plan vart vedteken i haust (fsak 76/16)
- Plan for trafikktrygging: Handlingsprogrammet vert stor sett revidert kvar haust – grunnlag for søknad om eksterne midler
- Plan for idrett og friluftsliv: Handlingsprogrammet vert revidert kvar haust (grunnlag for søknad om spelemidlar)
- Plan for strategisk arbeidsgjevarpolitikk (kompetansestrategi/plan): Ikkje fornya som samla dokument etter 2009

I tillegg til desse planane, vart dette prioritert i 2012:

- Felles strategisk IKTplan for kommunane i IT-fellesskapet
- Planlegging av tunnel/veg Årdal-Tysdal: Kommunedelplan utarbeidd av Statens vegvesen. Pga motsegn ligg saka i departementet
- Analyser som grunnlag for neste rullering: 1.Årdalsområdet (ma i lys av RV13), 2.Fister, 4.strandsone.5.Næring:
  Her er ikkje noko gjort
- Gjennomgang for vurdering av revisjonsbehov for reguleringsplanar i Hjelmeland sentrum:

Saka er lagt fram og det er prioritert. Men det har ikkje vore prioritert ressursar til sjølve arbeidet, slik at førebels er berre ein plan endra (Elveosen-Nøkling).

- Gjennomgang/omorgansering av kommune: Mykje arbeid er gjort på denne fronten.
- ‘

4.3 Nyare innspel

Tettstadutvikling: Det er ved fleire høve teke opp ynskje om ei vitalisering av sentrum. Det er teke initiativ frå fleire hald: Som verbalpunkt i budsjettet, gjennom byregionprogrammet, vi private utbyggjarar og i arbeidet med den fylkeskommunale regionalplan for areal og transport i Ryfylke. Temamøtet i kommunestyret løfta også dette opp.

Næringsutvikling: Temamøtet løfta opp dette med næringsutvikling, og særleg korleis me kan «foredla» dei største næringane me har; landbruk, havbruk og byggeråstoff. Vidare satsing på helserelaterte arbeidsplassar og reiseliv var og på dagsorden. At kommunen skulle gå inn som tilretteleggjar vert sett på som naturleg. Og kva med kommunen sitt omdøme oppi dette?

Inkludering: I Hjelmeland er det ein relativ stor andel av befolkningen som flytter ut og tilsvarande som flytter inn årleg. Kommunen treng innbyggjarar. Mange av våre innbyggjarar, ein større del enn i samanliknbare kommunar, har innvandrarbakgrunn. Korleis kan me bruk kommunen sin samla utviklingskapasitet til å få fleire til å bli, og gjera det me inkludering som eit varemerke? Kva med frivillig sektor si viktige rolle i dette arbeidet med å få folk til å slå seg til og trivast?

Digital infrastruktur og smartteknologi: Ein del av innspela på temamøtet gjekk på å ta i bruk smartteknologi både i høve til kommunal verksemd, men også i høve til næringsutvikling. For å få det til, må ein ha ein strategi for å få på plass meir infrastruktur (fiber, mobildekning, nyare medium). Dette har vore på sakskartet ved jamne mellomrom i politisk organ, og også gjennom RIKS.

4.4 Folkehelse

Gjennom folkehelsekartlegginga er det avdekka særlege utfordringar innafor nokre felt, og det er sett i gong konkrete tiltak med systematisk oppfølging. Utfordringane må også prioriterast inn i det langsiktige planarbeidet. På bakgrunn av kommunen har høg andel innvandrarar og mykje flytting generelt, er inkludering sett høgt på dagsorden. Her inngår også arbeid mot sosial ulikskap. Det er utfordring innafor oppvekst med mestringsnivå i høve til nasjonale prøvar, og med mobbing på ungdomsskuletrinn. Fysisk aktivitet blant unge er litt lågare enn landsgjennomsnittet, og omfang av hjarte-karsjukdomar og kreft kan sjå ut til å vera ei utfordring. For dei siste punkta er det statistiske grunnlaget for lite til å trekkja konklusjon.

Bilete over: Inkludering er viktig – kakefest ved gjenopning Moldbakkbrua

Korleis ynskjer me å framstå? Jærstolkommunen?

Nytt og gamalt i tettstaden Hjelmeland: hotellet og heradstova

5 OPPSUMMERING OG PRIORITERING AV PLANARBEID

Hjelmeland kommune prioriterer følgjande planarbeid i perioden 2016-2020:

5. 1Kommuneplanen:

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal reviderast. Revisjon av begge delar vert starta opp samstundes, for å rekka å gjera dette i inneverande valperiode. Det vert gitt desse føringane:

Samfunnsdel: Ny samfunnsdel skal gi sterkare prioriteringar. Planen skal også innhalda økonomiske målsettingar. Samfunnsdelen skal peika ut satsingsområde som kan bidra til at kommunen vert berekraftig også i framtida. Folkehelse, næringsutvikling, inkludering/frivillig sektor, omdømme, digital infrastruktur og økonomi er viktige stikkord. Vitalisering av kommunesenteret ønskjeleg. Korleis kommunen kan yta gode tenester og samstundes bidra med sin utviklingskapasitet i lokalsamfunnet er sentralt. Å få til tiltak i samarbeid med næringsliv og frivillig sektor kan opna større muligheiter enn det ein får til i eigen regi. Større tema som inkludering og næringsutvikling kan eventuelt bli eigne planar/strategiar viss ein finn det tenleg. Plan for klimatilpassing og plan for kulturminne (hovudpunkt) inngår i samfunnsdelen.

Arealdel: Det vert lagt opp til ein avgrensa revisjon med fokus på utvalde tema (næring på sjø og land) og på sentrumsutvikling. Vidare arealdisponering i Årdal når tunnelalternativet er klart, vert også ein del av kommuneplanarbeidet. Kulturminne i tråd med det som kjem fram i arbeidet med kulturminneplan.

Fokus på reiseliv/turisme og havbruk vert tatt med som satningsområde i samfunnsdel, og som tema i arealdelen.

Strategi for korleis Hjelmeland kommune kan bidra til å oppfylla føringane i nasjonal jordvernstrategi (vedtatt av Stortinget 08.12.2015) blir innarbeidd i samfunns- og arealdelen i kommuneplanen.

I samband med ny kommuneplan skal ein i arealdelen også vurdere innspel som angår områder for bustader og fritidsbustader.

Vedtak av planstrategien er å sjå på som oppstart av kommuneplanarbeidet. Neste fase er då utarbeiding av planprogram.

5.2 Anna planarbeid:

Generelt: Prosess for vitalisering av kommunesenteret i samarbeid med Byregionprogrammet og andre aktørar

Folkehelse: Systematisk oversynsarbeid – oppfølging. Supplering av rutinar for lokalt folkehelsearbeid, gjennom systematisk arbeid med tiltak, og evaluering av desse. Heilskapleg ruspolitisk plan.

Oppvekst: Plan for barnehage. Utarbeida og implementera Psykososial plan for alle skulane. Oppfølging av arbeid med mangfold i skule og barnehage gjennom m.a. prosjekta «Kompetanse for kvalitet» og «Kompetanse for mangfald».

Helse/omsorg: Revisjon av bustadsosial plan

Bygg/anlegg: Plan for vedlikehald av uteområda og kommunale leikeplassar

Kultur: Kulturminne – delar av planen. Årleg fornying av plan for anlegg for idrett og friluftsliv (spelemidler)

Stab/økonomi: Årleg fornying av handlingsplan, årsbudsjett og årsmelding

Plan for trafikktryggleik

Plan for strategisk arbeidsgjevarpolitikk

Kulturminneplan under arbeid. Frå Hagalidnaustet

Sand og gru høyrer til basisnæringane